



LEKSER

Det skal alltid vere ei pedagogisk grunngjeving for at ei lekse er blitt gitt.

Vi ser på lekser som viktige fordi:

- ✓ Eleven treng lekser som eigentrening på ulike typar oppgåver.
- ✓ Eleven treng lekser som automatiseringstrening.
- ✓ Eleven treng lekser som førebuing til oppgåver/prøvar.
- ✓ Eleven treng lekser til å aktivisere bakgrunnskunnskap og finne ut kva dei kan om ulike emne.
- ✓ Lekser kan vere arbeid med prosjekt eller større tema.
- ✓ Lekser kan vere å slutføre arbeid som ikkje er ferdig, og som har ein frist.
- ✓ Eleven treng lekser som dannelsingsoppgåve. Det trengs eigeninnsats for å oppnå resultat både på skulen og seinare i arbeidslivet.
- ✓ Eleven treng at foreldra følgjer med på korleis dei arbeider med leksene. Dei kan vere god hjelp og støtte og foreldra får viktig informasjon som støttespelar.

Ulike typar lekser:

- ✓ Lekser kan vere ei øving på noko eleven har lært.
- ✓ Lekser kan vere automatiseringslekser (lesing, multiplikasjonstabellen, glosar, sterke verb)
- ✓ Lekser kan vere repetisjonsoppgåver.
- ✓ Lekser kan vere førebuing til arbeid på skulen eller eit leseoppdrag. Då vil det alltid vere ei bestilling til lekser.



Retting:

- ✓ Leksa kan kontrollerast ved at lærar ser over lekse og gjer ei tilbakemelding i boka.
- ✓ Leksa kan kontrollerast ved felles gjennomgang på skulen. Lærar må sjekke at elevane har forstått lekse.
- ✓ Elevane kan få munnlege tilbakemeldingar på leksene. Det kan vere ei vurdering der og då eller ei framovermelding til eleven.

Tid:

Det er ei forventning om at eleven skal bruke tid på lekser. Dersom eleven brukar så mykje tid på leksene at det går ut over fritidsaktivitetar og liknande, ta kontakt med kontaktlærar eller faglærar. Det er sjølvstapt litt forskjell på barnetrinnet og ung.trinnet her. På ung.trinnet kan ein forvente noko meir. Dersom eleven har store utfordringar i forhold til tidsbruk med leksene skal det vere dialog mellom kontaktlærar og heimen om eigne tilpasningar.

Lekser på klassenivå:

1.-4.klasse	5.-7.klasse	8.-10 klasse
<ul style="list-style-type: none"> - <u>Leselekse</u>: Elevane skal ha leselekse til kvar dag. 3 repetisjonar for automatisering. - <u>Skrivelekse</u>: 3. og 4.klasse - <u>Finskriftlekse</u>: Trening på bokstavforming. 1 lekse pr. veke. - <u>Øveord</u>: Elevane øver på å automatisere dei 220 mest brukte orda. - <u>Matematikklekse</u>: Trening på innlært stoff. 1 til 3 lekser pr. veke. - <u>Matematikklekse</u>: Drill på store/lille pluss (2.kl) - <u>Matematikklekse</u>: Drill på gangetabellen (3. og 4.kl) 	<ul style="list-style-type: none"> - <u>Leselekse</u>: Elevane skal ha tilpassa leselekse kvar dag med fokus på forståing. - <u>Skrivelekse</u>: 5.-7.klasse - <u>Faglekse</u>: Det skal vere ei bestilling i lekse. (6. og 7.kl) - <u>Matematikklekse</u>: Trening på innlært stoff. 3 til 4 lekser pr. veke. - <u>Engelsk</u>: Kunne skrive dei 100 mest brukte engelske orda. - <u>Engelsk</u>: Ca. 10 gloser pr. veke. - <u>Engelsk</u>: Innlæring av sterke verb. (6. og 7.kl) 	<ul style="list-style-type: none"> - <u>Faglekser</u>: Det skal vere ein lesebestilling til lekse. Dette gjeld alle fag utanom matematikk. - <u>Matematikklekse</u>: Repetisjonsoppgåver eller trening på innlært stoff som er gjennomgått på skulen.



<p>- <u>Engelsklekse</u>: Lære dei 100 mest brukte engelske ord. (3.kl)_Raz Kid: Frå 3.-5.kl</p>		
--	--	--

